


EIN LÅVE I NY FORM



INHOLDSLISTE



Kontekst	
- Eldre bygg har ein verdi	3
Kva og Kvar	
- Ein låve i sentrum	5
Kvifor	
-Kvifor bør vi ta vare på låven?	7
Korleis	
- Mitt forslag	8
- Kva blir viktig?	9
Tidslinje	11
Curriculum vitale	14
Biografi og referanser	15
Refleksjon	16

Veiledere:

APP:	Andre Fontes
DAV:	Hedvig Skjerdingsstad



ELDRE BYGG HAR EIN VERDI

Ifølge statistisk sentralbyrå har tre av fire gardar lagt ned drifta dei siste 50 åra. Dette utgjør ein stor bygningsmasse av låvar som har mista programmet.

Låven er ein del av Noregs identitet og har sterk tilknytning til bygdekulturen i Noreg. Låvebygg har ofte ståande kledning og ein særeigen atmosfære på grunn av grindverk, tjukke bjelkelag og eit unikt lysspel mellom kledninga. Låvane har særpreg med grov grunnmur, der stein på stein vitnar om hender som har jobba hardt for å skape seg ei framtid. Eg har alltid vore fascinert av låvebygget, og har difor valt å arbeide med ein låve i masterprosjektet mitt. Det er viktig for meg at vi tek vare på desse bygga, og at dei ikkje forfell og forsvinn. Det er dessverre slik at låvane har fått mindre omsorg med tida, noko som har ført til at mange er i dårleg stand. Mange låvar står dessverre tomme eller blir brukte som lagringsplass i dag.

Det er viktig at vi ser kva potensiale desse bygga har før det er for seint. Å utnytte det som allereie eksisterer gir moglegheit til å skape rom med andre kvalitetar enn kvalitetane eit nybygg har. Det er òg viktig å ta vare på låvane fordi dei er historiske bygg som kan fortelje mykje om kulturen i fortida vår.

Vi lever i eit samfunn som er i bevegelse. Dette fører blant anna til at bygningar i dag ikkje nødvendigvis har same funksjon om ti år. Difor har det blitt viktigare at bygningar har kapasitet til å kunne tilpasse seg nye funksjonar og program, der bygget har ein form for intergenerational equity¹.

Intergenerational equity 2 - Meeting the needs of the present without compromising the ability of further generations to meet their needs. (Brand, 1995)

Brand, S. (1995). How Buildings Learn: What Happens After They're Built. Penguin Books






EIN LÅVE I SENTRUM

I enden av ein fjord, finn vi ein liten tettstad som heiter Nordfjordeid. I området rundt sentrum av Nordfjordeid, står det i dag mange låvar som ikkje er i bruk. I sjølve sentrum har andre byggtypar akkumulert, slik som bustadar, kultursenter og kjøpesenter. I utkanten av sentrum ligg ein ganske stor låve, som dessverre står tom og med ei usikker framtid i dag. Låven har tilpassa seg samfunnet og blitt brukt til ulike program og føremel. Men i dag er det fare for at låven vert riven for å gje plass til eit nytt og meir «moderne» bygg. Det bør ein tenkje over, då låven har mange kvalitetar verdt å utforske. Låven vert kalla «Wiese-lada», og vil vere utgangspunktet mitt i dette prosjektet. Eg ønsker å vise kva potensiale som er i bygget, og kva bygget kan transformerast og brukast til i framtida.

«Wiese-lada» har ei lang historie og har gjennom tidene tilpassa seg ulike behov i samfunnet. Låven har dei siste åra blitt brukt som kontor- og butikklokale, men står no, på linje med mange andre låvar, dessverre tom. Likevel kan bygget fortelje mykje om Nordfjordeid si historie og utvikling. Av lokalbefolkninga blir bygget assosiert med fleire tidlegare bruksområde, og har difor ein spesiell plass i hjartet til mange som er fødde der.

Rundt låven er òg eit grøntområde, som burde blitt utnytta i større grad enn det blir i dag. Dessverre er det slik at dette området har fått mindre aktivitet dei siste åra, blant anna på grunn av at tidlegare aktivitet i låven har blitt flytta til kjøpesentera og området kring desse. Låven og grøntområdet rundt har eit stort potensiale til å bli eit bindeledd som skapar samhald i lokalsamfunnet, noko eg ønsker å synleggjere i dette prosjektet.

NORDFJORDEID - EIN LITEN TETTSTAD I NOREG





KVIFOR BØR VI TA VARE PÅ LÅVEN?

I dag er det ofte slik at den direkte kostnaden for å transformere og pusse opp eit bygg er høgare enn kostnaden det vil vere å rive eit bygg og bygge eit nytt. Dette fører til at folk vel å rive framfor å ta vare på det vi allereie har. Vi bør arbeide for ein meir berekraftig kultur. Den indirekte kostnaden vil derimot ofte vere lågare når ein tek i bruk det som allereie finst. Ved å endre og bruke opp att det vi har, kan gamle bygg få nye kvalitetar samstundes som materiale vert brukt opp att. Det vil altså vere mykje meir berekraftig enn å kvitte seg med det gamle og kjøpe nytt. Eg synest vi bør lytte til Brand sitt ordtak: “A building is not something you finish. A building is something you start.” Vi må ikkje gje opp dei gamle bygga, men ta vare på dei og bruke dei som utgangspunkt for nye funksjonar og kvalitetar.

Eg trur at folk kan få auga opp for berekraft viss vi viser dei kva moglegheiter det kan vere i dei bygga vi allereie har. Slik kan vi òg ta vare på meir av kulturarven som gøymer seg i eldre bygg kring oss.

Eg ønsker å kome med eit forslag til korleis «Wiese-lada» og området rundt kan gje eit nytt tilbod på Nordfjordeid. Eg tenkjer spesielt at dette kan vere kjekt for eldre som har tid til overs og har behov for aktivitet. I dag er det slik at programmet i sentrums blir spedt ut og fordelt på eit større område – ei slik utvikling kan ein òg sjå på Nordfjordeid. Ved å bruke «Wiese-lada» kan ein knytte sentrum sterkare saman og skape meir synleg liv i område også på andre tidspunkt enn handel.



MITT FORSLAG

Mykje i «Wiese-lada» er endra sidan det vart bygt fordi det har tilpassa seg ulike bruksområde, men samstundes er deler av bygget meir urørt, blant anna søyler og murveggar. Med prosjektet ønsker eg å synleggjere at ein låve sine kvalitetar er verdt å ta vare på. Ved å bruke bygget vidare kan ein ta vare på og framheve nokre av bygget sine særpreg. Dette kan òg fortelje noko om området si historie, og låven sin tilpassing til ulike program. I løpet av dette prosjektet ønsker eg å få fram at «Wiese-lada» har mange kvalitetar som ein kan utvikle og ta vare på. Eg vil synleggjere at det er mogleg å bruke eit bygg som allereie finst, og gje det nye bruksområde og andre aktivitetar enn det bygget hadde før. Ein treng ikkje å byggje nytt for å skape nye funksjonar – ein kan utvikle og endre det ein allereie har.

Eg ønsker òg å bidra til at folk i større grad tek i bruk grøntområdet rundt låven. Mitt forslag er difor å gjere grøntområdet attraktivt og endre låven til eit aktivitetssenter slik at området får «nytt liv». Dette kan lokke folket til området, og gjere det til ein naturleg plass å besøkje. Målet er å skape eit samlingspunkt mellom ulike arenaar. Ved å tilby ulike aktivitetar vil staden til-trekke ulike menneske i alle aldrar og situasjonar. Dette vil vidare bidra til å knyte band mellom ulike menneskegrupper, noko som kan skape eit sterkare fellesskap.

**KVA BLIR VIKTIG?**


Når ein arbeider med eldre bygg, blir det viktig å trekke fram særprega til bygget for å ta vare på historia og identiteten det har. Dette blir òg viktig for meg når det gjeld «Wiese-lada». Eg tenkjer at det blant anna vil vere viktig å framheve konstruksjonen i låven, som er stram og typisk for denne typen bygg.

Låvar er ofte større bygg som gjer at dei har noko redusert kapasitet til å få inn dagslys. Å skape atmosfærar i bygget der ein spelar på overgangar mellom mørke og opplyste soner. Kan vær eit element som skapar spenningar og eit skyggespill mellom det eksisterande og nye.

Ei av årsakene til at mange låvar ikkje er i bruk i dag, er at dei er store og manglar isolasjon. Dette er difor noko ein bør gjere noko med viss ein skal tenkje at bygget skal bli brukt. Ved å etablere mindre soner som kan varmast opp til høgare temperaturar, kan ein bruke bygget utan å måtte varme opp heile. Dette vil vere eit meir miljøvennleg alternativ enn å varme opp heile bygget, og kan òg vere med på å ta vare på låven sin identitet. Ved at ein kan behalde meir av det særpreget utan behov å kapsle det inn for å isolere. Bruken av bygget kan på den måten òg variere med årstidene, ved at aktiviteten kan trekke ut i dei svale sonene på varme dagar og halde seg i dei isolerte sonene på vinterstid.






TIDSLINJE





TIDSLINJE





BIOGRAFI OG REFERANSER



Books:

Brand, S. (1995). How Buildings Learn: What Happens After They're Built. Penguin Books.

Nybø, K. (2019). Husa våre - Arkitekturarven i Sogn og fjordane. Førde: Selja forlag.

Røyrane, E. (2014). Norges låver. Skald AS.

Hejduk, J. (1986). Victims. Architectural Association

Newspaper articles - Fjordabladet, Firdaposten

Eriksen, A. Skajaa, J. (2016). Levende lokaler: En kunnskapsrapport om hvordan bruk av tomme lokaler kan skape liv i sentrum

Project:

"Yellow house" - Valerio olgiati

Tenne Landhaus - TKA (Thomas Kröger Architekt)

De Young Museum, San Francisco - Herzog & de Meuron

Nelson atkins museum - Steven Holl

New Museum of Contemporary Art- SANAA

Storhamarlåven - Sverre Fehn

Villa Busk - Sverre Fehn

Leça Swimming Pools - Álvaro Siza Vieira

Barcelona Pavilion - Ludwig Mies van der Rohe



Ein låve

Lys imellom fasade

Relasjon til natur

Eit uvanleg stort og vanlegvis nakent bygg, eit bygg for husdyr, lagring av dyrefor og lagring av utstyr. Det er et bygg med relasjon til kulturlandskapet. Eit bygg meir fokusert på funksjon enn estetikk. Et tradisjonsbygg, Med ein forbindelse mellom bonden i dag og den tidlegare bonden. Det er ei bygning som brukas i ei rytme av oppgåver og augeblikk.

-

-

Konstruksjonen er enkel men samstundes snakkar den til oss med stor kontrast i materialer.

-

-

3. Mars

Til no har fokuset vore å forstå og vise fram det som eksisterer frå før, slik som:

- Kva har endra seg?
- Programmet rundt.
- Historia til bygget og området.
- Konstruksjonen.
- Kva delar av bygget er viktige og mindre viktige?
- Korleis bygget har endra seg og tilpassa seg samfunnet i dag.

Har til no hatt mest fokus på sjølve bygget, program i området og historia til bygget og området. Har sett mindre på forhold som for eksempel korleis området rundt låven vert nytta, om parken ved bygget er ein passasje eller om nokon bruker området, på sitteplassar i området, kva område som faktisk er kopla til bygget, på korleis ein kan invitere folket inn og skape ein relasjon mellom uteområdet og bygget, og på korleis ein kan hindre at dette skal bli ei «øy» i sentrum. Vidare må eg òg få tydelegare fram kvifor eg har valt akkurat dette prosjektet, og akkurat denne låven. Eg bør òg skissere tankar og idear, der eg ikkje tenker at eg må vite alt før eg kan starte på dette.

Eit materialstudium av bygget og området kan trekke prosjektet vidare, både ved



å finne kvalitetar i det som er der, og finne ut korleis ein kan tilføre nye element og styrke låven si tilhøyrse til området rundt.

Ved å jobbe med eit eldre bygg, blir prosjektet fort veldig reelt, og kan òg engasjere mange i samfunnet. Har til no hatt kontakt med ulike personar som har varierte relasjonar til låven, blant anna ein lokalhistorikar, tidlegare eigar, kommunetilsett og riksantikvaren. Desse har hatt ulike tankar og ønsker for bygget og samfunnet. Når ein høyrer mange ønsker om bygget, vil ein gjerne prøve å finne program og løysingar som tilfredsstillar alle, men det er ikkje mogleg eller reelt. Eg må gå ei retning som gir meining for meg, og som kan verke spennande for andre.

Ein kan tenkje i mange ulike retningar når det gjeld vidare bruk av låven. Eg må difor jobbe for å finne ut korleis eg vil transformere bygget, og korleis eg ønsker å ta vare på det som er der. Vil eg sjå på ulike moglegheiter til korleis bygget kan transformerast, eller vil eg gå ei meir spesifikk retning og gå meir inn i detaljar? Ønsker eg å fokusere på bygget si historie og korleis denne kan bli gjort meir synleg i dag, eller skal eg prøve å kombinere ulike fokusområde? Det er mange alternativ, og eg må bestemme meg for kva eg ønsker å gjere.

Tekst

Tekst har vore eit viktig verkemiddel for å få fram korleis bygget har tilpassa seg gjennom historia, og er eit element som eg kan nytte endå sterkare enn det eg gjer no. Til dømes kan eg beskrive ulike rom og namngje og knytte fleire mediar sterkare saman, noko som kan vere ei styrke i andre delar av prosjektet også. I tillegg til til dømes å få fram spesifikke element i rommet og korleis det har relevans og har endra seg gjennom tidene.

Modell

Modellane eg har laga til no har eit ferdig uttrykk, som gjer at det gjerne er vanskelig å nytte i prosess. Eg børre lage nokre modellar som passar betre til skissering. I tillegg treng eg å trekke inn fleire skalaar og fokusere meir på å synleggjere situasjonen rundt.

Bevaring

REFLEKSJON



Uttrykke tydelegare kvifor og kva kvalitetar som er viktige å bevare, og lage diagram som får tydelegare fram eit hierarki av viktigheita til ulike element. Få fram kvifor ein bør ta vare på bygg som ikkje i seg sjølv er under vern.

Det er mange tankar og mange retningar å utvikle prosjektet. Eg må difor ta eit standpunkt om kva retning eg ønsker å ta prosjektet i.

-

-

Ved å synleggjer fleire konsepter på korleis ein kan tilnærme seg og nytte «Wiese-lada» kan ein synleggjer fleire moglegheiter til korleis ein kan ta i bruk og transformere låvar og slik få fram noko av potensiale til denne bygningstypologien. Ein kan slik vise at det ikkje et svar på korleis Låvane kan bli tatt i bruk men at her er mange moglegheiter.

-

-

Lys har blitt eit viktig tema i prosjektet der ein av grunnane til at låvar er vanskelege å ta i bruk er at dei har redusert kapasitet til å få inn dagslys. Å skape atmosfærar i bygget der ein spelar på overgangar mellom mørke og opplyste soner. Kan vær eit element som skapar spenningar og eit skyggespill mellom det eksisterande og nye.

-

-

Mange låvar har liknande oppbygging som "Wiese-lada" Kan ein ved å transformere denne låven være med å hjelpe andre til å sjå verdi i deira låve og inspirere til å ta i bruk desse bygga?

-

-

Ved å etablere fleire mindre volum i rommet skapar ein nye mellomrom som kan skape spenningar mellom det eksisterande og nye og slik kan det eksisterande bli sett i eit nytt lys og få ein ny verdi. Voluma har ein konstruert med ein konstruksjon som spiller på det eksisterende konstruksjonen til bygget. Der konstruksjonen blir hovedelementet i boksen som trekker blikket vidare til konstruksjonen av bygget.

-

REFLEKSJON



-

For å opretholde eit levende sentrum er det lurt å etablere andre program som ikkje baserer seg på handel.

-

-

23. April

Ved å fokusere meir på konteksten rundt, har prosjektet utvikla seg til å omhandle området rundt låven i større grad, med ei meir diagramatisk tilnærming. Eg føler at dette gir prosjektet meir tyngde og at låven og området rundt kan bli sterkare integrert i sentrumskjernen av Eid.

Planteikningar eg har teikna av bygget er veldig stive og fortel ikkje om bygget sin alder og materialitet. Ved å finne ein måte å vektlegge materialiteten i teikningane og finne eit språk der ein får fram endringar og kva som er nye innlegg, kan styrke prosjektet og få tydelegare fram mine intensjonar.

Voluma eg etablerer i bygget som ein sekunderstruktur, er noko som treng å bli vidareutvikla, der dei gjerne kan ha fleire funksjonar og konstruksjonen kan bli eit viktigare element i dei nye voluma og vidare spele på konstruksjonen som allereie eksisterer. Oppvarming er eit vanskeleg tema for mange låvar med tanke på dårleg isoleringsevne og store volum. Å varme låven på ein meir berekraftig måte der ein fokuserer på å varme opp mennesket i staden for volumet, varmar ein opp bygget på ein mindre ressurskrevjande måte. Ved å ikkje isolere heile bygget kan ein bevare meir av identiteten til bygget og gi ein annan identitet. Det kan vere spennande å gå meir i detalj, og utvikle eit system for korleis denne oppvarminga kan fungere. Kor detaljert eg skal gå inn i denne tematikken, er eg usikker på. Eg er usikker på om det blir meir konseptuelt eller om eg går ned i detalj.

Materialitetstrategi er òg noko eg kan gå djupare inn på. Eg kan òg sjå på korleis samspelet mellom element i bygget og stiar i parken skal relatere seg til infrastrukturen og elementa i bygget.

-

REFLEKSJON



-

Ut i fra når ein vel å besøke låven vil ein få ulike opplevelser av korleis ein oppfatter og nyttar bygget. Om vinteren er det i dei varme sonene ein i hovudsak oppheld seg medan dei svale sonene blir nytta til sirkulasjon. Om someren kan aktivitetane streke seg ut til det store volumet. Ein vil og ha ulike lys opplevelsar ut fra om ein vel å besøke bygget på dag eller nattestid.

-

-

Organiske linjene skaper liv og kontrast til dei meir rette og harde linjene i bygget.

-

-

Det handlar om å ta vare på ein verdi som ein ikkje får i nyebygg, det handlar om "verne om det vi har, det handlar og om å syne ein ny veg.

-

